

01.01.2020



Retningslinjer for å etablere nettstadar og bloggar

Som hovudregel er det nettstaden www.volda.kommune.no som skal nyttast som nettside for informasjon som kommunen er ansvarlege for. Dersom det er spesielle grunnar som tilseier at dette kan vere nyttig, kan ein etablere nettstadar, bloggar eller nettsamfunn for ei avgrensa målgruppe, tenestoområde eller prosjekt i kommunen.

Skal dette etablerast, skal det derimot vere ein føresetnad at sentral informasjon og aktuelle søkeord også vert å finne på hovudsida www.volda.kommune.no.

Etablering av nye nettstadar, bloggar eller liknande nettsamfunn skal godkjennast av kommunens informasjonskonsulent, som også skal vere involvert i utforminga av mediet som vert oppretta.

For retningslinjer for bruk av sosiale medium som tilsett, sjå eigne «retningslinjer for sosiale medium i Volda kommune.»

1. Retningslinjer for etablering av nettstadar og bloggar

- a) Nettstaden eller bloggen skal vere i samsvar med kommunens profilhandbok. Dette gjeld til dømes fargar, skrifttype og bruk av logoar.
- b) Nettstaden eller bloggen skal følgje [Difi sine krav om universell utforming](#).
- c) Ei lenke til Volda kommune si heimeside skal vere lett synleg.
- d) Det skal kome tydeleg fram kven som er ansvarleg redaktør, fortrinnsvis avdelings- eller seksjonsleiar for den aktuelle arbeidsstaden.
- e) Redaktøren for nettstaden eller bloggen må syte for at:
 - a. Lover, reglar og retningslinjer for publisering på internett vert følgd.
 - b. Nettstaden/bloggen til ei kvar tid inneheld oppdatert informasjon.
 - c. At det vert sett av ressursar til vedlikehald og utvikling nettstaden.
 - d. Det daglege arbeidet vert ivareteken av ein person som anten har kommunikasjonsfagleg kompetanse eller interesse for feltet.